

Årsrapport 2024





Bilde forside:
Oligonema schweinitzii
Foto: Petter Lilleengen, CC BY 4.0

Bilde denne side:
Klamremanet Gonionemus vertens
Foto: Espen Sundet Nilsen, CC BY-SA 4.0

Årsrapport 2024

└	



Bollenøste *Hemitrichia abietina*
Foto: Petter Lilleengen, CC BY 4.0

Innhold

Del I Styret si årsmelding for 2024.....	7
I.1 Arbeidet til styret i 2024.....	7
I.2 Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe	7
I.3 Gode avgjerder krev naturdata med høg kvalitet	9
Del II Introduksjon til verksemda og nøkkeltal.....	10
II.1 Verksemd og samfunnsoppdrag	10
II.2 Organisasjon og leiing.....	11
II.3 Utvalde nøkkeltal	12
Del III Aktivitetar og resultat i 2024	14
III.1 Prioriteringar	14
III.2 Aktivitetar og resultat.....	15
III.3 Brukarorientering og kommunikasjon.....	21
III.4 Teknologi og digitale tenester.....	23
Del IV Styring og kontroll i verksemda.....	26
IV.1 Risikoanalysar og -handtering	26
IV.2 Fellesføringar frå KDD	27
IV.3 Plikta til aktivitet og utgreiing i likestillings- og diskrimineringsloven.....	31
Del V Framtidsutsikter	32
Del VI Årsrekneskapen.....	34
VI.1 Leiarkommentar årsrekneskapen 2024	34
VI.2 Prinsippnote til årsrekneskapen	35
VI.3 Årsrekneskapen	39
Vedlegg 1.....	53
Likestillingsutgreiing Artsdatabanken	53
Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling.....	53
Del 2: Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering	55

Del I Styret si årsmelding for 2024

I.1 Arbeidet til styret i 2024

Styret har det overordna ansvaret for den samla verksemda til Artsdatabanken. Det vart gjennomført seks styremøte i 2024, fire av dei elektronisk.

I 2024 har styret bestått av:

Aina Bartmann (leiar), GMO-nettverket

Vara: Bård Øyvind Bredesen, Oslo kommune

Bernt Erik Sæther (nestleiar), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Vara: Inger Elisabeth Måren, Universitetet i Bergen

Torborg Berge, Sweco

Vara: Erling Gunnufsen, Fredrikstad kommune

Hans Asbjørn Sørli, Norges Skogeierforbund

Vara: Maria Pettersvik Arvnes, Norges Fiskarlag

Kristoffer Bøhn, Sabima

Vara: Maja Aarønæs, Sabima (etter Elna Bastiansen, Sabima, frå 19.08.2024)

Stine Svalheim Markussen (tilsettere representant) Artsdatabanken

Vara: Wouter Koch

Ivar Ekanger (representant for forvaltingsbrukargruppa), Landbruks- og matdepartementet.

Vara: Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

I.2 Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe

Aktuelle sektorar skal vere representert i ei brukargruppe beståande av representantar frå relevante forvaltningsorgan. Klima- og miljødepartementet utnemner seks medlemmer med varamedlemmer til forvaltningsbrukargruppa etter forslag frå følgjande departement:

- Klima- og miljødepartementet
- Kommunal- og distriktsdepartementet
- Landbruks- og matdepartementet
- Nærings- og fiskeridepartementet
- Olje- og energidepartementet
- Samferdselsdepartementet

Brukargruppa skal ifølgje Artsdatabankens mandat vera eit rådgivande organ for Artsdatabankens styre og direktør, som skal sikra forvaltningsrelevans. Det vart ikkje arrangert møter i Forvaltningsbrukargruppa i 2024.

Medlemmer i Forvaltningsbrukergruppa per 31.12.24:

Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

Varamedlem: Daniel Hesby Mathé, Kommunal- og distriktsdepartementet

Frode Berntin Johansen, Noregs vassdrags- og energidirektorat (Fram til oktober 2024)

Varamedlem: Kristine Naas, Noregs vassdrags- og energidirektorat

Elin Johanne Slettum, Statens vegvesen

Varamedlem: Jarle Waage, Jernbanedirektoratet

Birgitte Arstein, Fiskeridirektoratet

Varamedlem: Anne Marie Abotnes, Fiskeridirektoratet

Ivar Ekanger, Landbruks- og matdepartementet

Varamedlem: Vi venter på at nytt varamedlem skal utnemnast etter Linn Viken Bøe, Landbruksdirektoratet

Ivar Myklebust, Miljødirektoratet

Varamedlem: Anne Sundbye, Miljødirektoratet



Crimora papillata. Foto: Erling Svensen, CC BY 4.0

I.3 Gode avgjerder krev naturdata med høg kvalitet

Etableringa av Artsdatabanken som nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald var ein viktig del av oppbygginga av den kunnskapsbaserte forvaltninga av naturmangfald i Noreg ved tusenårsskiftet.

Snart 20 år etter etableringa av Artsdatabanken er spørsmålet om forvaltning av naturmangfaldet meir aktuelt enn nokon gong. Auka fokus på areal og ressursbruk gjer at behovet for kvalitetssikra data er blitt meir viktig for samfunnet enn tidlegare. Stortingsmeldinga Meld. St. 35 (2023–2024) *Bærekraftig bruk og bevaring av natur* kom på slutten av 2024, og utgjer forslaget til den norske handlingsplanen for naturmangfald. I skildringa av tilstanden i norsk natur i meldinga viser Regjeringa til kunnskap frå Artsdatabanken.

Vi meiner dette tydar på at ambisjonane Stortinget hadde då Artsdatabanken vart oppretta var viktige og rette. Artsdatabanken er i dag ein kunnskapsdrevet organisasjon, der kunnskap med høg kvalitet om artar og naturtypar blir presenterte for heile samfunnet.

Artsdatabanken har utvikla seg mykje i desse 20 åra, både med omsyn til oppgåver og mengda kunnskap som blir levert til samfunnet. Leveransane har utvikla seg i takt med utviklinga i samfunnet sine behov. Det har òg vore ei stor utvikling i budsjett og talet på tilsette.

Artsdatabanken har i 2024 jobba målretta med å utvikle våre tenester, og i tillegg jobba med korleis kunnskapen frå tenestene skal formidlast til brukarane. Brukarperspektivet er viktig sidan Artsdatabanken har ein sentral funksjon i forvaltninga frå kommunalt til nasjonalt nivå. Vår primære kanal er artsdatabanken.no, og nettstaden er nett no under den største samla omlegginga sidan etableringa i 2005. Denne omlegginga er naudsynt, både for å leggje til rette informasjonen ut frå brukarane sine behov, og for å halde tritt med krava til universell utforming og andre krav til offentlege tenester. Samstundes inneber dette ei stor investering for ein relativt liten organisasjon, både når det gjeld budsjett- og personalressursar.

Auka krav til tilrettelegging av kunnskap, krav til fri dataflyt mellom Artsdatabanken sine databasar og andre databasar, krav til presisjon i data og også nye typar naturdata, representerer i sum ei utfordring for Artsdatabanken. Det kan vere utfordrande å løyse dette innanfor dei rammene som Stortinget har lagt.

Styret er godt nøgde med måloppnåinga og planane for å utnytte ressursane på best mogleg måte som administrasjonen har lagt fram for styret. Dette legg godt til rette for at Artsdatabanken skal levere data av høg kvalitet til samfunnet i åra framover. Det er likevel på sin plass å minne om at ein nasjonal kunnskapsbank om naturmangfald utgjer ein av grunnsteinane i norsk naturforvaltning, og at det er viktig at denne grunnsteinen blir tatt vare på og utvikla vidare.

Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren om samfunnsoppdraget til Artsdatabanken.

Trondheim, 15. februar 2025

Aina Bartmann
Bernt-Erik Sæther

Torborg Berge
Hans Asbjørn Sørлие

Kristoffer Bøhn
Stine Svalheim Markussen
Ivar Eikanger

Del II Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

II.1 Verksemd og samfunnsoppdrag

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald og har som hovudoppgåve å formidle oppdatert informasjon om arter og naturtypar og gjere den lett tilgjengeleg. Gjennom innsamling, systematisering og formidling av kunnskap, byggjer Artsdatabanken bruer mellom vitskap og samfunn. Artsdatabankens visjon er «Artsdatabanken – samfunnets kjelde til kunnskap om naturens mangfald».

Artsdatabanken er eit statleg forvaltningsorgan under Klima- og miljødepartementet, og vart oppretta i 2005. Departementet har det overordna ansvaret for Artsdatabanken sitt mandat, oppnemning av styre og løyving av årleg budsjett. Det meste av kunnskapen vi formidlar er tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester som alle finns på artsdatabanken.no. Kunnskapen vert brukt av mange ulike aktørar, både innan forskning, forvaltning og næringsliv, og Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag kviler på samarbeidet med aktørane som produserer og bruker kunnskapen.

Artsdatabanken har ansvar for å:

- Innhente, vidareutvikle, kvalitetssikre og gjere tilgjengeleg kunnskap om arter og natur i Norge (NiN)
- Drifte og vidareutvikle karttenester for artar og Natur i Norge (NiN)
- Bidra i utviklinga av økologisk grunnkart
- Foreta jamlege revisjonar av Norsk raudliste for arter og Norsk raudliste for naturtypar
- Foreta jamlege revisjonar av økologisk risiko for framande arter i Noreg
- Administrere Artsprosjektet som skal styrke kunnskapen om artsmangfaldet i Noreg i jf. eige mandat
- Utføre oppgåver som er i tråd med Artsdatabanken sitt formål
- Drifte og vidareutvikle infrastruktur for kunnskap om arter og økologi
- Vere ein aktiv aktør i relevante fora, både nasjonalt og internasjonalt


For å kunne løyse desse oppgåvene, er Artsdatabanken heilt avhengig av samarbeid med andre. Eit svært breitt tilfang av vitskapleg ekspertkompetanse er nødvendig for at Artsdatabankens produkt skal halde det nødvendige nivået, og denne rår vi ikkje åleine over. Vi samarbeider med svært mange ekspertar og faglege institusjonar i utarbeiding av raudlister, framandartslista, NiN-systemet med meir.

Artsdatabanken er òg avhengig av godt samarbeid med brukarane våre, mellom anna forvaltninga. Forvaltningsbrukargruppa er ein arena for gjensidig informasjon. Artsdatabanken har i tillegg eit godt samarbeid med relevante forvaltningsorgan i relevante sektorar ut over gruppa, slik som Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Ein tredje samarbeidsarena er dei frivillige organisasjonane som både nyttar våre tenester, men som også mellom anna driv kursing av brukarar av tenestene og står for validering av observasjonar i Artsobservasjoner.

II.2 Organisasjon og leing

Artsdatabanken er lokalisert i Pirsenteret i Trondheim.



Figur 1 viser organisasjonskart for Artsdatabanken.

Leinga består per 31. desember 2024 av:

- Bjarte Rambjør Heide, direktør
- Arild Lindgaard, seksjonsleiar Seksjon for kart og naturmangfold
- Ingar Pareliussen, seksjonsleiar Seksjon for artskunnskap
- Pernille Feilberg, seksjonsleiar Seksjon for formidling
- Stein Arild Hoem, seksjonsleiar Seksjon for IT-utvikling

II.3 Utvalde nøkkeltal

Artsdatabanken hadde 34 tilsette pr. 31.12.24. Av desse er to midlertidig tilsett på prosjekt, mens direktør er tilsett på åremål. Det blei utført 28,1 årsverk i 2024.

Tabell 1 Nøkkeltal for verksemda knytt til tilsette og årsverk. Tal på tilsette og avtalte årsverk er henta frå SSB

Nøkkeltal	2022	2023	2024
Talet på tilsette	36	32	31
Talet på avtalte årsverk	34	31	31
Talet på utførte årsverk	30,9	29,5	28,1

Nøkkeltal, økonomi

Vi gjer merksame på at det manglar samanlikningstal for enkelte nøkkeltal sidan Artsdatabanken gjekk over til Statleg rekneskapsstandard (SRS) i 2024 og tilsvarande tal ikkje er å finne i tidlegare rekneskapar.

Tabell 2 Nøkkeltal knytt til økonomi


Nøkkeltal	2022	2023	2024
Samla tildeling post 01-99* (kr)	91 492 000	97 589 000	102 118 000
Utnyttingsgrad post 01-99* (%)	95,29	95,68	86,90*)
Driftskostnader (kr) **	–	–	66 561 088
Lønsdel av driftskostnader (%)**	–	–	40,98
Lønskostnadar pr. årsverk (kr) **	–	–	970 762

*) Den låge utnyttingsgraden i 2024 skuldast omlegging av tilskotsordninga. Den ubrukte løyvinga søkast ført over til 2025, jamfør fullmakt

**) Overgang til SRS gjer at det ikkje finnstal ein kan samanlikne med frå 2022 og 2023

Tildelingar

Artsdatabanken sine årelege løyvingar utgjorde 97,97 mill. kr i 2024. I tillegg kom 4,15 mill. kr. overførte midlar frå 2022, der 1,14 mill. kr. var på 1411.01 og 3,01 mill.kr på 1411.70.



Figur 2 Fordeling av Artsdatabanken sine løyvingar inkl. overført beløp frå 2023

Økt innhald i tenestene våre

Artsdatabankens system vert fylte med meir og meir kunnskap om norsk naturmangfald.

Tabell 3 Mengde innhald i våre tenester.

	2020	2021	2022	2023	2024
Arter på nett (talet på artar totalt)	2665	2927	3433	3682	4277
Artsobservasjonar (talet på observasjonar totalt)	24 mill	27 mill	29 mill	31,5 mill	34,2 mill
Artskart (talet på registreringar totalt)	33 mill	48 mill	49 mill	48 mill*	53 mill

* Nedgangen i totaltala frå 2022 til 2023 kjem av at eit større datasett med 0-verdiar, som kom inn i 2021, vart trekt tilbake av dataeigarane. Totaldelen av positive artsfunn i Artskart auka også i 2023, m.a. i takt med data frå Artsobservasjonar.

Del III Aktivitetar og resultat i 2024

Aktivitetane og resultata i 2024 byggjer på Artsdatabanken sitt mandat, tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet og strategien vår.

III.1 Prioriteringar

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank, og skal forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar. Det inneber at vi har ei rekkje ansvarsområde og kunnskapsområde der vi skal levere til samfunnet. Ein del av oppgåvene er fortløpande slik som Artsobservasjonar og Artskart, medan andre går i syklusar slik som raudlistene og Framandartslista. I tillegg har vi ein stor dataprogramportefølje som må haldast ved like, og utviklast for å halde tritt med forventningane i samfunnet. Det er viktig for Artsdatabanken å kvart år prioritere mellom oppgåver for å finne balansen i ressursbruken på dei ulike oppgåvene.

Av viktige prioriteringar i 2024 vil vi nemne arbeidet med Raudlista for naturtypar, Raudlista for artar, Artsobservasjonar og arbeidet med nye artsdatabanken.no.

I det følgjande kjem ein gjennomgang av arbeidet med dei prioriterte oppgåvene i 2024.



Tornesekkdyr *Styela rustica*. Foto: Erling Svensen, CC BY-SA 4.0

III.2 Aktivitetar og resultat

Økologiske grunnkart og Natur i Norge

Økologiske grunnkart

Formålet med tenesta er å gi eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltings- og planleggingsarbeid nettopp ved å samle kartlaga i éin brukarvennleg portal. Portal for økologiske grunnkart vart lansert hausten 2020 og har sidan vore drifta av Artsdatabanken. Portalen fungerer framleis godt, og arbeidet vårt er knytt til stabil drift, retting av feil og arbeid med datasett som skal inn eller ut av portalen. Desse datasetta blir spelte inn gjennom direktoratsgruppa for økologisk grunnkart. Ved utgangen av 2024 gjev portalen tilgang til 68 datasett. I 2024 har aktiviteten i direktoratsgruppa vore aukande og fleire datasett kjem inn frå dei ulike sektorane.

Vi registrerer auka bruk av portalen og har byrja å få fram bruksstatistikk. I 2024 har portalen gjennomsnittleg 1500 besøk per månad, med om lag 850 unike brukarar. Portalen legg til rette kartdata på ein måte som vi meiner vil bidra til ei meir effektiv kunnskapsinnhenting for kommunar som skal drive arealdisponering, og for andre brukargrupper. Det er fortsett eit stort potensiale for fleire og betre kartlag. Både Artsdatabanken og Miljødirektoratet har fokus på å få til fleire heildekkande kartlag innanfor naturmangfaldområdet, gjennom samarbeid og bruk av ny teknologi. Artsdatabanken vil halde fram med å bidra med dette arbeidet, innanfor rolla vi er tildelt.

Natur i Norge

Norsk handlingsplan for naturmangfald, Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet, slår fast at Natur i Norge (NiN) skal utgjere kjernen i offentleg naturkartlegging, i tråd med Stortinget sitt vedtak om dette. NiN er samfunnet si felles verktøykasse for å beskrive natur på ein samanliknbar måte. Med eit felles system på tvers av sektorar og fagtradisjonar, blir resultata av kartlegging og registrering av natur nyttige for langt fleire enn dei som opphavleg kartla. På den måten kan NiN bidra til eit løft for kunnskap om naturen.

Artsdatabanken har eit ansvar for å utvikle og leggje til rette NiN-metodikken slik at han kan brukast i kartleggingsarbeidet til miljøforvaltinga og i dei andre sektorane. I 2023 vart den reviderte versjonen av NiN, kalla NiN 3.0, lansert.

Artsdatabanken vil gjennom samarbeidet med Naturhistorisk museum, UiO og relevante fagmiljø, stabilisere NiN-systemet og auke dokumentasjon og rettleiing knytt til systemet.

I 2024 har vi arbeid med å utvikle nett-tenestene som dokumenterer systemet og komplettere dette med innhald i dialog med sentrale brukarar. Brukarane av NiN, særleg innanfor kartlegging, vil ha behov for omstilling etter publiseringa av NiN 3.0. Artsdatabanken tilbyr derfor òg versjon 2.3 av NiN som vil liggje uendra og tilgjengeleg på nettsidene våre i ein periode framover. Gjennom den nye kodebasen for NiN, tilbyr vi òg koder frå tidlegare NiN-versjonar for å hjelpe brukarar som har behov for å oppdatere eksisterande datasett. Artsdatabanken har hatt tett og god dialog med bl.a. Miljødirektoratet for å prioritere innhald og skildringar inn mot forvaltninga sine behov, og levert på ønska.

Kunnskap om artar

Artsdatabanken har mange aktivitetar som har til formål å styrke kunnskapen om artar i Noreg.

Artsprosjektet

Sentralt i dette arbeidet er Artsprosjektet, som skal sikre ei langsiktig oppbygging av kunnskapen om artar i Noreg, med særleg vekt på dei artane vi veit lite om i dag.

Årleg har vi utlysingar av tilskot til dette arbeidet. Tilfanget av søknader viser at interessa er svært stor i dei relevante norske fagmiljøa, og for 2024 vart det søkt om 70 millionar kroner.

Vi delte ut 22,7 millionar kroner til seks prosjekt med oppstart i 2024.

Kartleggingsprosjekta fører til auka kunnskap om dårleg kjende artsgrupper og styrkjer kompetansen og rekrutteringa innan taksonomi og biosystematikk i Noreg. Data frå Artsprosjektet blir formidla og kjem samfunnet og forvaltinga til gode gjennom fleire av Artsdatabanken sine produkt og tenester.

I 2024 utførte Artsdatabanken ein ekstern evaluering av tilskotsordninga i Artsprosjektet. Evalueringa var gjort av Vista Analyse og NINA. Artsdatabanken har gått igjennom evalueringa i samråd med KLD, forvaltning, sektorinteressentar og internt i Artsdatabanken. For å ha tid til å kunne gjennomarbeide tilskotsordninga før ein ny lansering vart utlysinga for 2025 utsett til våren 2025 i påvente av at arbeidet skulle verte ferdig.

Artar på nett

Artar på nett har som mål å gje samfunnet enkel tilgang til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artane som finst i Noreg i ei nett-teneste. Tenesta samlar skildringar av artar, genererer og deler opne data, frå m. a. Artsprosjektet, i form av tekst, bilete, film, lyd og artsnøklar til å bestemme artar. I 2024 er det laga informasjon om ei rekkje artar og organismegrupper (takson). Totalt er det så langt laga 75 nøklar og lagt inn informasjon om cirka 5050 organismar.

Nortaxa tar over etter Artsnavnebasen

Over dei siste åra har Artsdatabanken utvikla eit nytt og moderne dataregister med korrekte vitskaplege namn, synonym til namna og populærvitskaplege namn som er nytta i det daglege. Nortaxa vart satt i drift våren 2024 og tatt i bruk både internt i Artsdatabanken og av våre ekspert taksonomar frå ulike samarbeidsinstitusjonar. Tilbakemeldingane frå samarbeidspartnarar er at oppgraderinga har gjort arbeidet til dei eksterne ekspertane lettare og gjer det meir attraktivt å halde informasjonen i registeret oppdatert og av høg standard. Vi ser at det er enno mogleg å forbetre Nortaxa for å gjere forvaltinga av namn enno enklare og betre, og vonar vi kan prioritere det framover.

Nortaxa er no det sentrale registeret over artar i Noreg og er forvaltingsorganet for namnsetting og biosystematikk i Noreg. Ajourføring av Nortaxa er eit fellesprosjekt mellom taksonomiske miljø ved ulike universitet og vitskaplege institusjonar og Artsdatabanken. Nortaxa er viktig sidan alle tenestene våre som er knytte til artar nyttar Nortaxa. Registeret blir òg nytta eksternt til samlingsarbeid, vitskaplege arbeid, artsregistreringar etc.

Rett og konsekvent bruk av namn på artar er nødvendig både for å halde oversikt over artsmangfaldet og for å forvalte artane. Nortaxa inneheld i dag meir enn 224 000 vitskaplege namn og meir enn 51 500 populærnamn.

Artsobservasjonar

Kunnskap om kvar artar er, er viktig for ei kunnskapsbasert arealforvalting. I 2024 har om lag 2,7 millionar observasjonar blitt lagde inn i Artsobservasjonar av allmenta. Artsobservasjonar inneheld no over 34 millionar observasjonar. I 2024 registrerer vi ein auke i rapporteringar og fleire brukarar i denne populære tenesta.

Artsdatabanken har sidan 2020 arbeid med ei større teknisk oppgradering, og lanserte i 2023 ein ny versjon tilpassa mobil og med integrert biletegjenkjenning frå Artsorakelet. Artsdatabanken arbeidar vidare med teknisk utvikling av tenesta gjennom 2024, med fokus på andre delar av systemet og ulike brukargrupper behov og ønsker. Hausten 2024 starta Artsdatabanken ei større teknisk oppgradering av dei gjenværande delane av systemet. Målet er å få tenesta over på ei betre teknisk plattform, som reduserer teknisk gjeld, og gjere den meir brukarvennleg og meir stabil å drifte.

Artsfunna frå kunnige naturinteresserte er eit omfattande og viktig kunnskapsbidrag som kjem i tillegg til den artskartlegginga som skjer gjennom mellom anna konsekvensutgreiingar og anna artskartlegging i regi av offentlege styresmakter. Det er viktig for kvaliteten i tenesta at ein viss del av funna blir validerte av ekspertar, særleg for raudlista, framande og forvaltingsrelevante artar. Det er gitt økonomiske tilskot til Sabima og BirdLife Norge til kvalitetssikring av funn, i tillegg til brukarstøtte, testing og formidling om Artsobservasjonar. I 2024 vart tilskotsordninga utvida med bidrag til kartleggingsaktivitetar og kartleggingskoordinering, noko som òg vil bidra til gode data om naturmangfald.



Foto: Børre K. Dervo, CC BY 4.0



Pokalnøste *Hemitrichia calyculata*

Foto: Hans van Hooff, Bidragssyter Mira Rawet, CC BY 4.0

Artsorakel

For å auke interessa – og gjere kunnskap om artar meir tilgjengeleg både for amatørar og vidarekomne artsinteresserte – lanserte Artsdatabanken tenesta Artsorakelet i 2020. Dette er ei teneste som bruker kunstig intelligens i form av maskinlæring til å identifisere artar ut ifrå bilete i Artsobservasjonar. Tenesta vart i 2023 integrert direkte i rapportering i nye Artsobservasjoner.

Tenesta har ein app og ei nettside som begge er fritt tilgjengelege for alle. Tenesta vert jamleg oppgradert. I 2024 har modellen for gjenkjenning av bilete blitt vidareutvikla, og ein ny versjon av appen vart lansert med integrasjon med Artsdatabankens artsnoklar. Brukaren kan dermed når identifiseringa er usikker få hjelp til å forstå kva kjenneteikn ein bør sjekke for å få betre artsidentifisering. Arbeidet aukar kvaliteten og forbettrar brukaropplevingane.

Utviklinga av Artsorakel er i utgangspunktet basert på eit samarbeid med Naturalis Biodiversity Center i Nederland. Ytterlegare internasjonale samarbeid gjer at appen i stadig større grad kan kjenne igjen artar som er framande i Noreg, fordi modellen kan trenast på bilete av artar frå andre land i Europa.

Bruken av tenesta aukar stadig, framleis utan at vi aktivt marknadsfører ho. Det tek vi som eit teikn på at vi når målet med tenesta, som er at ho skal bidra til at fleire skal kunne meir om artar.

I 2024 har det blitt gjort heile 4,1 millionar spørjingar i Artsorakelet. Det er ein auke på 15 prosent frå året før. I juli 2024 kom det inn nær 22 000 spørjingar per dag frå appen.

Det er eit stort potensial for integrering av Artsorakelet i nye tenester i Artsdatabanken.

Kartfesta informasjon om naturmangfald

Kartfesta informasjon om naturmangfald er nødvendig for praktisk forvaltning av areal. Artsdatabanken tilbyr karttenester som er knytt til både artar og naturtypar. Fagsystema Artskart og NiN-kart utgjer også viktige fundament i arbeidet med økologisk grunnkart.

Artskart

Artskart er ei viktig kjelde til stadfesta informasjon om førekomsten av artar i Noreg, og tenesta blir brukt av offentleg forvaltning, forskarar og utreiarar, interesseorganisasjonar og privatpersonar. Artskart viser i dag over 52 millionar artsfunn frå om lag 420 databasar hos vitenskaplege institusjonar i tillegg til data frå Artsobservasjonar. Vi har i snitt registrert om lag 100 000 unike brukarar per månad, og i tillegg har vi mange fleire brukarar som haustar data via eksterne tenester (Landsbruksdirektoratet, Miljødirektoratet m.fl.).

I 2023 vart det utvikla ny funksjonalitet for å handtere tilbakemeldingar på observasjonar som ekspertar eller andre brukarar meiner bør rettast eller som krev anna oppfølging. Denne funksjonaliteten gir Artsdatabanken moglegheit til å heve kvaliteten på data i Artskart og å informere brukarane om kvalitetsproblem ved funna. I 2024 er denne løysinga prøvd ut i større skala med fagekspertar innafor karplanter. Resultata frå utprøvinga vil bli ferdig tidleg i 2025, og danne grunnlag for systematisk kvalitetssikring av artsdata framover.

Framtidas artskartlegging

I 2022 inngjekk Artsdatabanken og Miljødirektoratet eit samarbeid for å forbetre faggrunnlaget for artskartlegging. Dette samarbeidet har teke form gjennom ei konseptutgreiing som Artsdatabanken har leia. Konseptutgreiinga vart publisert våren 2024, og gir tilrådingar for metodikk, rammer for standardisert artskartlegging og betre dataflyt. Artskartlegging gir viktig kunnskap om naturmangfaldet, og ein kvalitetsheving av dette arbeidet vil gi stor gevinst.

NiN-kart

NiN-kart er Artsdatabanken sitt fagsystem for økologiske data etter NiN-systemet. NiN-kart lagrar og forvaltar sentrale datasett, som det nasjonale landskapstypekartet og nasjonale datasett for miljøvariablar etter NiN. NiN-kart bidrar til økologisk grunnkart med fleire etterspurde og viktige datasett.

Internasjonalt samarbeid

Global Biodiversity Information Facility (GBIF) er eit internasjonalt nettverk og ein internasjonal datainfrastruktur finansiert av styresmakter i ulike land. Det er retta mot å gi kven som helst, kvar som helst, open tilgang til data om alle typar liv på jorda. Gjennom dette arbeidet er det utvikla standardar og verktøy som legg grunnlaget for den omfattande dataflyten Artsdatabanken har realisert gjennom Artskart. Noreg er medlem i GBIF gjennom den nasjonale noden ved Natur- historisk museum, UiO, som vi samarbeider tett med.

Sidan 2023 har Artsdatabanken arbeid i det nye konsortiet som driftar det norske GBIF-arbeidet. Artsdatabanken deltek, saman med GBIF-noden på Naturhistorisk museum (UiO), på det årlege styringsmøtet til GBIF internasjonalt (GBIF Governing Board).

I tillegg deltok Artsdatabanken også i 2024 på den årlege konferansane til det internasjonale standardiseringsforumet for naturmangfalddata – TDWG, som medlem.

Raudlister og Framandartslista

Arbeidet med raudlister og Framandartslista er ein sentral del av verksemda til Artsdatabanken.

Framandartslista viser kva økologisk risiko framande artar kan utgjere for naturmangfaldet i Noreg. Ei ny utgåve av Framandartslista vart publisert 11. august 2023.

Framandartslista er eit svært viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av framande artar i Noreg. Kunnskapen i Framandartslista er eit av dei mest sentrale kunnskapsgrunnlaga både for reguleringa av framande organismar i «Forskrift om fremmede organismer», og for behandling av søknadar om innførsel og utsetjing av framande organismar.

I 2024 har Artsdatabanken lagt om korleis vi arbeider med Framandartslista fram mot neste lansering i 2029. Vi strekkjer vurderingsarbeidet ut i tid og vi leverer oppdatert kunnskap om framande organismar jamnare og raskare når kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Vårt mål med omlegginga er å gi samfunnet eit enno betre grunnlag til å handsame framande organismar. Dei første ekspertane vil starte arbeidet med ei ny Framandartsliste i løpet av våren 2025.

Fjerde utgåve av Norsk raudliste for artar vart lansert 24. november 2021. Resultata frå Raudlista for artar blir mellom anna brukte i direktorata sitt arbeid med oppfølgingsplanen for trua natur og nasjonalt statistikkprogram. I 2024 la vi òg om korleis vi arbeider med ny raudliste for artar fram mot 2027. Arbeidet med lista starta hausten 2024, og vi strekker dermed arbeidet meir ut i tid enn kva tilfellet har vore med tidlegare lister. Dette gjer mellom anna at vi kan støtte ekspertane tettare enn før. Artsdatabanken har òg eit utviklingsarbeid knytt til Raudlista for artar, for å utarbeide ein raudlisteindeks samt den genetiske indikatoren Ne500 for eit utval artsgrupper. NE500 skal inngå i Noregs rapportering til Naturavtalen allereie i 2026.

Raudlista for naturtypar er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av naturmangfald i Noreg. Arbeidet med lista starta i 2023, og lansering er planlagd mot slutten av 2025. Den nye raudlista vil bygge på den nye versjonen av NiN-systemet (3.0), som er omtalt i kapittel III.1. Arbeidet er no i gang for fullt, med fem eksterne ekspertkomitear der 26 ekspertar frå ulike fagmiljø deltek.

Artsdatabanken bidrog inn i IUCN sitt internasjonale arbeidet med metodikk for raudlistevurdering av naturtypar i 2023. Arbeidet vart publisert som oppdaterte retningslinjer frå IUCN i 2024.

III.3 Brukarorientering og kommunikasjon

Vi held fram med å jobbe med kommunikasjon og formidling som verktøy for å nå måla til Artsdatabanken, og tenkjer heilskapleg i dialogen vår med samfunnet generelt og med ulike brukargrupper spesielt.

Etter lanseringa av ny framandartsliste hausten 2023, har vi fortsett arbeidet med å informere om framande artar. Samanlikna med arbeidet hausten 2023, har vi konsentrert arbeidet om meir spesifikke målgrupper. Vi har mellom anna retta informasjon om framande artar direkte mot hageinteresserte, og har i samarbeid med Det norske hageselskap nådd ut til over 20.000 husstandar. Vi har også retta oss med informasjon om framandartslista til anleggsgartnarar.

Arena for kunnskapsformidling og kommunikasjon

Arendalsuka er ein arena for dialog med ulike interessentgrupper, som vi testa ut for første gong i 2023. Også i år deltok vi der, no på Veterinærinstituttet sitt arrangement om framande artar, i tillegg til at vi var på ulike møter og deltok som publikum på andre arrangement.

I løpet av 2024 hadde vi òg møter med samfunnsaktørar som NHO, Naturvitarane, Norsk Industri og Stortingets komité for energi og miljø.

Deltakinga på Arendalsuka og møta med ulike samfunnsaktørar gir oss moglegheit til å fortelje om rolla og tenestene til Artsdatabanken, samstundes som vi får innsikt i behova og synspunkta til ulike aktørarar når det gjeld kunnskap om artar og naturmangfald. Vi får òg verdifulle erfaringar med korleis Artsdatabanken sine tenester blir brukte. Denne innsikta tek vi med oss i det vidare kommunikasjons- og utviklingsarbeidet.

Video og animasjon

I 2023 evaluerte vi videosatsinga vår, og avgjorde å konsentrere videoproduksjon mot smalare målgrupper for å auke effekten av arbeidet. Vi har også sett etter måtar å effektivisere videoproduksjonen på. Det vi har gjort av videoproduksjon i 2024 har derfor retta seg mot to primærmålgrupper: potensielle tilsette og brukarar av spesifikke tenester. På enkelte stillingar utlyst sommar/haust 2024 har vi hatt mange fleire søkjarar enn forventa, noko videoane brukt i rekrutteringsarbeidet kan ha vore ein bidragsytar til.

Som i 2023, ser vi også at videoar i form av opplæring og tema knytt til bruk av Artsdatabankens spesifikke tenester, blir sett av mange i målgruppa. Bruk av KI-baserte verktøy i arbeidet med teksting har effektivisert arbeidet med video monaleg.

I samband med lanseringa av NiN 3.0 hausten 2023, testa vi bruken av animasjon som verktøy. Animasjonen nådde breitt ut, og vi fekk mange gode tilbakemeldingar frå fagfolk og andre. Våren 2024 lanserte vi derfor ein ny animasjon om NiN som gjekk meir i djupna på korleis NiN er bygd opp. Vi har i ettertid fått fleire førespurnader frå institusjonar som ønskjer å bruke denne i undervisning, noko som stadfestar nytteverdien.

Nettsider

Artsdatabanken.no er vår viktigaste plattform for kunnskapsformidling. For å betre brukarane si oppleving og det heilskaplege uttrykket på nettsidene, starta vi hausten 2023 planlegginga av eit større prosjekt. Vi gjennomførte då ei innsiktsfase med analyse av eksisterande

nettstad, og intervju med både brukarar og interne. I 2024 såg vi nærare på dei identifiserte forbetningsområda med mål om å prioritere dei som kan gje størst opplevd betring og effekt for brukarane, sett opp mot dei ressursane vi har til rådvelde. Idégenerering, prototyping og design av dei første nettsidene starta hausten 2024. Dette arbeidet blir sett i samanheng med vidareutviklinga av andre av Artsdatabanken sine digitale tenester – som Artskart og Artsobservasjonar.

Hausten 2024 starta òg arbeidet med å utvikle eit designsystem – eit verktøy som skal bidra til auka effektivitet i utviklinga av digitale tenester og sikre at brukarane opplever Artsdatabanken sine digitale tenester som ei heilskapleg løysing.

Parallelt oppgraderer vi vårt CMS (content management system) for å bruke oppdatert teknologi, auke effektiviteten i arbeidet med innhald og struktur på nettsida, og betre datasikkerheita. Oppbygging av nettsider i det nye CMS-et, overføring av innhald frå det gamle systemet og kvalitetssikring i etterkant vil etter planen pågå fram til sommaren 2026.

To personar i mellombels stilling vart tilsette hausten 2024 for å hjelpe oss i arbeidet med nettsideprosjektet og implementeringa av det nye CMS-et.

Miljøstatus

Som følgje av den eksterne evalueringa av nettstaden miljøstatus.no i 2023, vart det avgjort å endre innhald på – og arbeid med – nettstaden. I 2024 har vi derfor, i samråd med Miljødirektoratet, gått gjennom vårt innhald på nettstaden og tatt vare på det som heller skal ligge på artsdatabanken.no når vårt eige nettsideprosjekt er ferdig.

Mediemerksemd

Lokale og nasjonale medium er framleis ein viktig kanal for å nå ut med kunnskap om artar og naturmangfald. I 2024 vart Artsdatabanken og våre tenester nemnde 9408 gonger. Det er ein solid auke frå året tidlegare. Trykte medium og nettsider står for 87 prosent av oppslaga, og NRK er den desidert største mediekjelda med 854 kjeldetilvisingar.

Naturmangfald har generelt teke ein større del av dagsorden i 2024. NRK Klima hadde ein stor reportasje om nedbygging av natur i januar 2024, i tillegg til ein tv-serie med fleire episodar på same tema. Klimaredaksjonen kontakta Artsdatabanken to år tidlegare med ulike spørsmål som ein del av reasearcharbeidet, så dette har vore eit arbeid som har teke lang tid.

Desse oppslaga frå NRK sette dagsorden for mindre redaksjonar, som ønskte å belyse temaet i kommunen og lokalavisa si, frå heile landet, gjennom heile året. Artsdatabanken sine tenester er i bruk og vi vart referert som ein kjelde til fakta og kunnskap i heile 827 unike medium i 2024. Det er ein auke på 52 prosent samanlikna med året før (544 medium i 2023).

Vi har som mål at fleire mediehus skal sjå på Artsdatabanken som ein kjelde til kunnskap og nyhende om artar og naturtypar. Som eit ledd i dette arbeidet har vi starta ein redaksjonsturné. Formålet er å vitje dei største, relevante redaksjonane for å diskutere problemstillingar knytt til naturspørsmål og naturmangfald, slik at fleire blir klar over kva kunnskap vi sit på. Dette har ført til at vi har blitt kontakta hyppigare. Det er ikkje alltid vi blir siterte i ei konkret sak, men vi blir brukt som sikringsnett for fakta og rett bruk av definisjonar og vurderingar. Desse vitjingane har òg gitt oss nyttig innsikt i strategiane til redaksjonen og kva dei er opptekne av. Vi vil halde fram med turneen i 2025.

III.4 Teknologi og digitale tenester

Alle produkt og tenester i Artsdatabanken treng teknisk plattform. Arbeidet med IT og infrastruktur er difor eit viktig fundament i Artsdatabanken si formidling av kunnskap. Alt arbeid med teknologi og digitale tenester har som overordna mål å bidra til auka brukarvennlegheit for eksterne brukarar av- og bidragsytarar til våre tenester.

Arbeidet omfattar alt frå oppbygging av databasar med brukargrensesnitt for datainnlegging, til forretningslogikk, feilretting og funksjonalitet for datapublisering. Tilbakemeldingar frå brukarar er viktige i dette arbeidet.

IT-tryggleik og drift

I 2024 vart dei siste applikasjonane som var drifta på lokale løysingar hjå Artsdatabanken, m.a. Økologiske grunnkart, flytta til skydrift hos Microsoft Azure. I samarbeid med felles IKT-drift i miljøforvaltninga, har vi fått etablert ein god struktur på administrering av skyressursane via 'infrastructure as code - Terraform' som gir Artsdatabanken god styring og effektiv forvaltning av vår infrastruktur i skya.

I tillegg kjem ordinær drift og mindre oppdateringar i tekniske løysningar elles. Dette omfattar overvaking og nødvendige oppdateringar i samband med potensiell tryggleiksproblematikk på plattformen.

Omsyn til IT-tryggleik og personvern er ein integrert del av både drifts- og utviklingsoppgåver. Skydrift tek hand om behov for skalering, backup og overvaking, og aukar dermed tryggleiken. Tilsvarande er det kontinuerleg fokus på mellom anna universell utforming i arbeid med utvikling av alle løysingar retta mot brukar.

Tenesteutvikling

Vi jobbar kontinuerleg med å gjere tenestene våre enklare tilgjengelege, slik at kunnskapen kan brukast mest mogleg effektivt. Dette inkluderer arbeidet med dei tekniske plattformene og tenestene for deling av kunnskap om artar og naturmangfald som er beskrivne i del III.2 "Aktivitatar og resultat". Dei tenestene det har vore arbeid med nyutvikling i nemnes under.

Raudlistebase for risikovurdering av naturtypar

Våren 2024 vart produksjonsløysinga for risikovurdering av naturtypar oppdatert og modernisert teknologisk, med ny funksjonalitet for å fasilitere arbeidet med risikovurderingar som ekspertane er i gang med frå hausten 2024.

Raudlistebase for vurdering av norske artar

Tilsvarande som for naturtypar starta arbeidet med å oppdatere produksjonsløysinga for risikovurdering av artar i mai og varte fram til oktober. Arbeidet med risikovurdering av artar skal nå gå over fleire år en tidlegare, og arbeidet med å risikovurdere enkelte artsgrupper starta allereie hausten 2024.

Framandartslista

Ein engelskspråkleg vising av resultata frå 2023 vart lansert hausten 2024. Den norske metodikken for vurdering av risiko frå framande arter vart då enklare å kommunisere inn i internasjonalt standardiseringsarbeid. I ettertid har vi opplevd generelt stor interesse frå utlandet for arbeidet vårt med framande artar.

Artskart

Løysingane for rapportering og merking av funn med avvikande kvalitet i Artskart vart ferdig og lansert til sommaren 2024. Gjennom hausten vart tenesta testa ut av fagekspertar og det vart arbeidet med feilrettingar og ytterlegare forbetring av løysinga.

Nortaxa

Arbeidet med å lage Nortaxa (tidlegare Artsnavnebase) haldt fram etter eit opphald, og tenesta blei lansert i juni 2024. I perioden etterpå har det vore arbeidt med mindre feilrettingar i og forbetring av API, og rettleiing av brukarar som har tatt i bruk det nye API'et i dataflyten av taxonomi i sine løysingar. Nortaxa tilbyr eit moderne grensesnitt og eit opent API som mellom anna gjer det enklare for eksterne system og brukarar å følgje med på taksonomiske endringar og å bruke Artsnamnebasen i arbeidet sitt. Førebelse tilbakemeldingar frå namneredaktørar tyder på at det er enklare å bruke den nye databasen til å forvalte taksonomi.

NiN (Natur i Norge)

Etter lansering av NiN 3.0 i november 2023 har det vore arbeidt med å kvalitetssikre systematikken og NiN-koder, samt å supplere med innhald i form av tekst og bilete. Det har òg vore jobba med korrigerering av manglar eller feil i systematikken etter kvart som ein har avdekket det.

Artsobservasjoner

Hausten 2024 starta arbeidet med neste fase av nye Artsobservasjonar. Målet er å flytte funksjonalitet frå den gamle plattformen for Artsobservasjonar over til den meir framtidsretta og brukarvenlege plattformen som vart etablert i 2023. Planen er få terminert den eldre plattformen så snart som råd.



Eledoneblekksprut Eledone cirrhosa. Foto: Erling Svensen, CC BY 4.0

Del IV Styring og kontroll i verksemda

Artsdatabanken har eit godt system for styring og kontroll. Systemet er tilpassa vår storleik, kompleksitet og eigenart. Vi jobbar dessutan kontinuerleg med å forbetre arbeidet.

I 2022 vart det gjort endringar i verksemda, mellom anna når det gjeld:

- endringar i talet på budsjettdisponeringsfullmakter;
- innføring av disponeringsskriv som styringsreiskap
- jamleg vurdering av risiko på verksemdsnivå, operativt nivå og prosjektnivå

Endringane er følgt opp i 2024.

IV.1 Risikoanalysar og -handtering

Risikoanalysar og -handtering i Artsdatabanken skjer både på dei individuelle prosjekta, på seksjonsnivå og på verksemdsnivå.

På verksemdsnivå peika vi ut desse risikoane i 2024:

Implementering av NiN

NiN versjon 3 vart lansert i tråd med planen i november 2023. Etter den tid har vi mista mange av dei mest sentrale medarbeidarane våre. Dette er krevjande i samband med implementeringa av NiN hjå til dømes forvaltninga.

Vi har klart å rekruttere nye medarbeidarar og dekkje leveransane som Miljødirektoratet har gitt beskjed om at dei treng innan gitte tidsfristar, og vil prioritere å levere òg på dei komande.

Artsobservasjonar

Vi lanserte betaversjon av ein ny mobilversjon av Artsobservasjoner 3.0 den 20. juni 2023. Denne har vist seg å være tilstrekkeleg stabil, og ein gjekk vekk frå betaversjon ved utgangen av året. Den vidare utviklinga er teknologisk utfordrande, og krev god planlegging og store ressursar. Vi har satt i gang med vidare utvikling frå hausten 2024.

Balanse mellom behov og kapasitet

Det har vore krevjande å behalde og rekruttere riktig personell den siste tida. Dette gjeld til dømes IT-kompetanse, men og biologikompetanse. Vi har hausten 2024 sett noko som kan vere eit skifte i denne trenden, då vi har stort tilfang av særskilte kompetente fagfolk. Utviklinga vil vise om dette er eit blaff eller ein varig endring.

Mange endringar i Artsdatabanken

For å henge med på alle krav som stillast til ei verksemd som Artsdatabanken må vi heile tida utvikle oss. Akkurat no er det mange endringar, blant anna knytt til omlegging av arbeidet med listene og utvikling av ny nettstad. Dette utfordrar organisasjonen, men vi handterer dette godt for tida.

Vi har følgt opp risikoane på verksemdsnivå jamleg i leiarmøte og styremøte.

Evalueringar

Våren 2024 gjennomførte Artsdatabanken en ekstern evaluering av tilskotsordninga Artsprosjektet under tilskotsposten 1411.70. Evalueringa vart gjennomført av Vista Analyse og NINA. Evalueringsrapporten vart levert 15. august 2024. Artsdatabanken arbeidde med funna i rapporten hausten 2024 og planla å implementere eventuelle endringar seinast til tilskotsutlysinga for 2025.

IV.2 Fellesføringar frå KDD

I tråd med tildelingsbrev datert 21.12.23 frå KLD og rundskriv D-2/24 av 08.03.24, blir gitt att under Artsdatabankens arbeid med dei tre fellesføringane i tildelingsbrevet.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Fagprofilen til Artsdatabanken gir naturleg fortrinn for høg grad av både medvit og kompetanse omkring klima- og miljøomsyn hjå dei tilsette. Artsdatabanken ser seg sjølv som moden i kunnskaps- og refleksjonsnivå omkring tema som denne fellesføringa omfattar. Samstundes er vår vurdering at det er låg modnad på implementering av eit systematisk arbeid med dette på organisasjonsnivå, og dermed overlat til kvar enkelt meir enn ønskjeleg.

Verksemda har over tid vakse i storleik, og det er i dag både større relevans og kapasitet til å vidareutvikle tilnærminga organisasjonen har til det systematiske arbeidet og overordna tema berekraft.

I fellesføringa blir verksemdene bedne om å vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Artsdatabankens plassering og verksemd tilseier at påverknaden av klimaendringane på kort sikt i stor grad vil vere indirekte framfor direkte. Ei nærare rekning over påverknadsfaktorane og kor påverknaden er størst, vil først vere mogleg å gjennomføre for Artsdatabanken i løpet av 2025.

Konkrete grep i arbeidet i 2024

Oppfølginga av fellesføringa er eit langsiktig arbeid, og organisasjonane blir oppmoda til å leggje opp til eit ambisjonsnivå som er tilpassa kvar enkelt verksemds eigenart og modnad. Basert på Artsdatabankens eigenart, og vurdering av modnadsnivå, er det i 2024 påbyrja eit arbeid med to hovudfokus:

1. Integrering av kravet frå fellesføringa i Artsdatabankens leiingsprosessar og anskaffingsprosess
2. Høg grad av involvering som grunnlag for ein vesentlegheitsanalyse

Arbeidsmodellen er forankra hos Artsdatabankens leiing, og blir lagt til grunn for Artsdatabankens utviklingsarbeid på desse områda. Ein intensjon med *vesentlegheitsanalyse* er at den skal vere rettleiande for vidare prioriterte tiltak.

Integrering i Artsdatabankens leiingsprosessar og anskaffingsprosess

I arbeidet med fellesføringa har Artsdatabanken sett at det er naturleg å byggje dette inn i leiingsprosessane våre, med fokus på budsjett, strategi og porteføljestyling. Prinsippet med kontinuerleg forbedring ligg som basis, og tiltak blir tekne inn og tilpassa aktiviteten vår fortløpande. På denne måten kan behovet for verksemda for måloppnåing for kjerneoppdraget og forsvarleg økonomistyring i varetakast, samtidig som vi utnyttar moglegheiter til å gjere grep som er i tråd med målsetjinga i fellesføringa. Eit rasjonale bak dette er at Artsdatabanken ut frå storleiken sin kan gjere ein skilnad gjennom "mange små, framfor store og få" tiltak på organisasjonsnivå. I 2024 var ei konkret føring i budsjettprosessen for 2025 at talet på reiser skal bli tatt ned.

Artsdatabanken starta hausten 2024 eit arbeid med å utvikle og dokumentere verksemdas anskaffingsprosess(er), der omsyn til klima og miljø er ein naturleg del.

Høg grad av involvering som grunnlag for vesentlegheitsanalyse

Eitt av verktøya som blir tilrådde for denne typen arbeid er ein *vesentlegheitsanalyse*.

Målet med en vesentlighetsanalyse er å identifisere innenfor hvilke områder virksomheten har stort potensiale til å redusere negativ belastning, eller øke positiv innvirkning, samt håndtere virksomhetens risiko knyttet til klima og natur (Rundskriv D2/24).


Artsdatabanken er samanlikna med andre etatar ei lita verksemd, med ein organisasjonsstruktur basert på autonomi, og der kjernekompetanse er fordelt på få ressursar. Artsdatabanken har med dette lagt vekt på å involvere dei tilsette i kartlegginga av kor vi ser potensial hos oss. Dette sikrar både innsikt i moglegheitsrom i heile organisasjonen og ein eigarskap til oppfølgingstiltaka.



Dendronotus robustus. Foto: Erling Svensen, CC BY 4.0

Oppfølging

Det er gjennomført idésamling og kartlegging av moglegheiter i alle seksjonane for verksemda, og under viser ei forenkla oversikt over funna og mogleg overordna tiltak som skal behandlast vidare, i hovudsak i form av forankring i allereie eksisterande rutinar og arbeidsprosessar.



Figur 3 Arbeidsområde for tiltak

For fleire område i verksemda er det allereie gode praksisar, mellom anna i delen av miljømerkte produkt i innkjøpa av kontorrekvisita, miljøkrav stilt til leverandørane våre av skytenester, bruk av skytenester i seg sjølve og reisemønster til og frå jobb hjå dei tilsette. Artsdatabanken er òg leigetakar i ein bygning med fokus på grønne tiltak, blant dei gjenbrukstorg, effektiv avfallshandtering og miljømedviten bygningsdrift.

Artsdatabanken nyttar òg nettverket sitt med andre etatar underlagt Klima- og miljødepartementet for å dele erfaringar og byggje kompetanse innanfor berekraftsdomenet.

Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

Dei statlege verksemdene skal bidra til at Noreg har eit arbeidsliv prega av mangfald dvs. der menneske med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring (ofte kalla «hol i CV-en») blir inkludert. I tillegg til nemnde gruppe kan det òg vere problematisk for innvandrarar å komme seg ut i jobb.

Arbeidsgivar og dei tillitsvalde har diskutert fellesføringa som seier at vi saman skal definere eit formålstenleg ambisjonsnivå innanfor mangfald ut frå eigenarten og storleiken på verksemda.

Vi konkluderte med at det er vanskeleg å setje ein eksakt prosentsats. Artsdatabanken er ein liten etat med forholdsvis få tilsetjingar i løpet av året. Det vil sei at ein tilsetning av nokon frå målgruppa eitt år vil gi ein høg prosent, medan prosenten blir tilsvarende låg neste år dersom ingen frå målgruppa blir tilsett. Det er utfordrande for små organisasjonar å halde ein stabilt høg prosent over år. Tala i tabellen under er eit døme på dette.

Tabell 4 Talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og /eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

År	Prosent av totale tilsetjingar	Kommentar
2020/2021	7,15	Gjennomsnitt % for 2020 og 2021
2024	0	

I 2020 inngjekk vi ein avtale med NAV om ei mellombels tilsetjing med lønstilskot frå målgruppa. Dette gjorde at Artsdatabanken dette året fekk ein inkluderingsprosent på 14,3.

I stillingsannonsane våre tilrår vi søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en om å krysse av i søkjeportalen, men inntrykket vårt er at det er færre søkjarar no som oppgjer at dei har hol i CV-en enn for nokre år tilbake.

Artsdatabanken har kontakt med NAV og deira samarbeidspartnarar fleire gonger i året. Dersom det er kandidatar som har kompetansar som er interessant for oss, og vi har kapasitet til å vareta kandidaten på ein god måte, er vi positive til å inkludere vedkommande i miljøet vårt.

Vi har i året som har gått tilsett ein med innvandrarbakgrunn frå landsgruppe 2.

Artsdatabanken vil i 2025 setje i gang arbeidet med å sjå på heile rekrutteringsprosessen. I samband med dette vil vi òg vurdere om utlysingstekstane våre bør reviderast for å tiltrekke seg eit større mangfald blant søkjarane, og om det er nokre av dei interne rutinane våre som kan endrast for å få til betre inkludering.

Redusere konsulentbruken

Dei totale lønnskostnadene i Artsdatabanken var på 27,8 mill. kroner i 2024. I tillegg vart det av eigne utviklarar bruk tid tilsvarende 1,9 mill. kroner i lønnskostnader til investeringar i nyutvikling av programvare. Til saman 29,7 mill. kroner. Det vart brukt 4,4 mill. kroner på konsulenttenester, som svarer til 15 % av lønnskostnadene. Det er på same nivå som i 2023.

Hovudvekta av konsulentar er knytt til IT-utvikling. 1,8 mill. kroner av konsulentkjøpa er brukte til investeringar i ny programvare som er aktivert som anlegg og som ikkje kjem fram som konsulenttenester i rekneskapen. Resten av kostnadene er knytt til forprosjekt eller arbeid som ikkje er nyutvikling, og dessutan prototypeutvikling av nettsider. Det har òg

vore innleigd ein teknisk prosessleiar og det har blitt brukt noko midlar til kjøp av juridiske tenester. Artsdatabanken har ikkje eigen jurist.

Artsdatabanken søker å bruke mest mogleg eigne utviklarar, men det er hard konkurranse om utviklarar i marknaden. Dette gjeld både ved rekruttering av denne kompetansen og halde på den. Vi har derfor måtta bruke innleigde IT-konsulentar til utviklingsoppgåver/drift.

IV.3 Plikta til aktivitet og utgreiing i likestillings- og diskrimineringsloven

I vedlegg til årsrapporten står det utfyllande om Artsdatabankens arbeid med å aktivt, målretta og planmessig fremje likestilling og hindre diskriminering i verksemda. I samsvar med pkt. 5.1 i «Endeleg tildelingsbrev 2024 for Artsdatabanken».

Del V Framtidsutsikter

Artsdatabanken vart etablert som nasjonal kunnskapsbank for 20 år sidan og har fylt rollen godt: Artsdatabanken er ein sentral del av løysninga for at Noreg skal nå mange av måla som er sett i det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald, dette gjeld mål under både Hovudmål A “bevaring av naturmangfald” og Hovudmål B “berekraftig bruk av naturmangfald”. Regjeringa har i 2024 lagt fram både NOU 2024:2 om Naturrisiko for næringer, sektorer og samfunn i Norge og Meld.St. 35 (2023-2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur, Norsk handlingsplan for naturmangfold. Artsdatabanken har i begge blitt brukt som datakjelde, og i ulikt mon også som ein kunnskapsleverandør for løysingane som vert skissert. I framtida blir det viktig for Artsdatabanken å vere ein vedtaksrelevant aktør som gir forvaltninga og det norske samfunnet den nødvendige kunnskapen om naturmangfald.

Stortinget legg stor vekt på at vedtak om natur skal takast i kommunane, og naturrekneskap er eit av de sentrale grepa i den nye handlingsplanen for naturmangfald. Både kommunane sine vedtak om natur og naturrekneskapet forutset god kunnskap om natur. Kunnskapen må ha høg kvalitet sjølv om den kjem frå ulike kjelder og består av ulike datatypar. Artsdatabanken har i løpet av dei 20 åra sidan opprettinga lagt vekt på å samle store mengder data frå ulike kjelder. Det har vi i stor grad lukkast med. Framover ønskjer vi i enda større grad å presentere samanstillingar av kunnskap på tvers av datakjelder.

Som alle offentlege institusjonar er tilgjengelege ressursar ein viktig faktor for kor gode tenester vi kan tilby til samfunnet. Det krev tid og ressursar å utvikle et kvalitetssikra og omfattande kunnskapsgrunnlag. Samstundes er det avgjerande at dei underliggande systema i norsk naturforvaltning ikkje forvitrar. For eksempel vil manuelle artsobservasjonar være naudsynte for å utfylle, forklare og bekrefte data frå for eksempel satellittovervaking, miljø-dna eller GPS-sporing. På same måte vil raudlistenes omfang og kvalitet være nødvendige grunnlag for gode val i miljøforvaltninga både på arts- og økosystemnivå. Vi må derfor prioritere ressursane hardt i årene som kommer for å nå våre mål.

Over dei tjue åra Artsdatabanken har levert kunnskap har vi utvikla mange tenester og måtar å formidle kunnskap på. Framover blir det naudsynt å prioritere dei tenestene som er mest nyttige for samfunnet for å tydeleggjere effektane av Artsdatabanken si kunnskapsformidling. Vi ønskjer at vår kunnskap skal få konsekvensar i samfunnet, og styrke forvaltninga sine vedtak. Dette ønskjer vi å gjere ved å spisse formidlinga og styrke brukarorienteringa i tenestene. I den næraste tida vil vi ha eit særleg blick på dette.

Ved nylanseringa av tilskotsordninga for å styrke kunnskapen om lite kjente artsgrupper i Noreg etter evalueringa i 2024, vil Artsdatabanken revitalisere tilskotsordninga. Særleg arbeidet med formidling av kunnskapen igjennom den heilskaplege brukaropplevinga på tvers av digitale flatar trur vi kan gjere kunnskapen meir direkte nyttig.



Foto: Børre K. Dervo, CC BY 4.0

Del VI Årsrekneskapen

VI.1 Leiarkommentar årsrekneskapen 2024

Formål

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald i Noreg. Den viktigaste oppgåva Artsdatabanken har, er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken skal ha ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Stadfesting

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og retningslinjer frå Klima- og miljødepartementet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av Artsdatabanken sine disponible midlar, rekneskapførte utgifter, eigedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2024 har Artsdatabanken disponert løyvingar over kap. 1411 på til saman 89,8 mill. kroner. Dette omfattar overførte summar frå 2023 på til saman 4,2 mill. kroner.

På kap. 1411 post 01 var løyvinga totalt på 42,3 mill. kroner i 2024. Artsdatabanken har rekneskapført 40,4 mill. kroner.

På kap. 1411 post 21 var løyvinga på 11,6 mill. kroner. Utgiftene summerer seg til 12,2 mill. kroner. Meirforbruket motreknast mot kap. 1411 post 70, som syna i Note B til løyverrapporteringa

På kap. 1411 post 70 var løyvinga på 35,9 mill. kroner. Utgiftene vart 24,1 mill. kroner. Artsdatabanken legg om tilskotsordninga, difor vart mindreforbruket stort i 2024. Mindreforbruket søkast overført til 2025 jamfør note B i årsrekneskapen.

Artsdatabanken har motteke løyvingar og fullmakter over kap. 1410 post 21 på til saman 12,3 mill. kroner.

Artsdatabanken har ikkje gjeve eller motteke nokre belastningsfullmakter i 2024.

Artskontorapporteringa viser netto rapporterte utgifter til drift tilsvarande 63,0 mill. kroner. Av dette utgjer 28,7 mill. kroner utgifter til løn.

Artsdatabanken fører rekneskapen etter SRS (Statlege reknskapsstandarar) for fyrste gong i 2024 og oppstillinga av rekneskapen følger dette prinsippet.

Revisjon

Riksrevisjonen stadfestar årsrekneskapen for Artsdatabanken. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av 2. kvartal 2025. Meldinga vil bli publisert på Artsdatabanken sine nettsider så snart revisjonsmeldinga er motteken.

Aina Bartmann
styreleiar

Ingar Pareliussen
fungerande direktør

(Dokumentet er elektronisk signert)

VI.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Artsdatabanken er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer fastsette i føresegn om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegn i rundskriv R-115 av desember 2024 frå Finansdepartementet.

Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyings- og artskontorrapportering er utarbeide etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyingsrapporteringa

Oppstillinga av løyingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste eit kapittel eller ein post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og er derfor ikkje viste som inntekt i artskontooppstillinga.

Verksemdrekneskapen

Verksemdrekneskapen er sett opp i samsvar med statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi.

Gjenanskaffingsverdi for ein eigedel er det beløp det vil koste dersom eigedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som eksisterande eigedel.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar resultatførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatførast når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar resultatføres etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar resultatføres i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og tente opp transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter blir kostnadsført i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunne ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardel av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemddsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemddsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå kvar enkelt verksemds tilhøve, ikkje for grupper av verksemder samla. At den er hendingsbasert, betyr at ho tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsstanden i verksemda, slik at premiereserven er ajour i forhold til oppteninga til medlemmen. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmidlar er varige og store eigedelar som blir disponerte av verksemda. Med varige eigedelar siktar ein til eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med store eigedelar blir eigedelar forstått med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost trekt frå avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter vedrørande bruk av egne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre poster er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir nytta i eller utgjer ein integrert del av den offentlege tenesteytinga for verksemda. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar enkelt fordring.

Valuta

Pengeposter i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Kapitalen til staten

Statens kapital utgjer nettobeløpet av eigedelane og gjelda for verksemda, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemdar presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassen.

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

Statlege rammevilkår

Selvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgjeleg ikkje inkludert poster i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten

Statlege verksemdar blir omfatta av konsernkontoordninga i staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane for verksemda i Noregs Bank.

Verksemda blir ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemdar blir nullstilt saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank ved overgang til nytt rekneskapsår

VI.3 Årsrekneskapen

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2024								
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling**	Regnskap 2024	Merutgift (-) og mindreutgift	
1410	Klima- og miljødepartementet	21	Miljødata	A,B	12 274 000	12 064 503	209 497	
1411	Artsdatabanken	01	Driftsutgifter	A,B	42 320 000	40 357 980	1 962 020	
1411	Artsdatabanken	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	11 606 000	12 211 812	-605 812	
1411	Artsdatabanken	70	Tilskudd til å styrke kunnskap om og formidling av naturmangfoldet	A,B	35 918 000	24 101 344	11 816 656	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	1	Nettoordning for mva i staten		0	5 546 605		
Sum utgiftsført						102 118 000	94 282 244	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling**	Regnskap 2024	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter		0	52 309		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	3 574 492		
Sum inntektsført						0	3 626 801	
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet						90 655 443		
Kapitalkontoer								
60095001	Norges Bank KK /innbetalinger					1 507 685		
60095002	Norges Bank KK/utbetalinger					-92 424 577		
714414	Endring i mellomværende med statskassen					261 448		
Sum rapportert						0		
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)								
714414	Mellomværende med statskassen					2024	2023	Endring
						-2 200 368	-2 461 816	261 448

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
141021		12 274 000	12 274 000
141101	1 140 000	41 180 000	42 320 000
141121		11 606 000	11 606 000
141170	3 012 000	32 906 000	35 918 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 21 til post 70	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp. (Post 01: 5 % av årets bevilgning + 830 000 kompensasjon for lønnsoppgjøret 2024)	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
141021		209 497	209 497			209 497		
141101		1 962 020	1 962 020			1 962 020	2 848 000	1 962 020
141121	kan nyttes under post 70/ kan overføres	-605 812	-605 812		605 812	-0	22 778 000	
141170	kan nyttes under post 21/ kan overføres	11 816 656	11 816 656		-605 812	11 210 844	64 496 000	11 210 844

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan overføres»

Artsdatabankens bevilgninger på følgende kapitler og poster er gitt med stikkordet «kan overføres»:

- kap. 1411 Artsdatabanken post 70 Tilskudd til arter og naturtyper
- kap. 1411 Artsdatabanken post 21 Spesielle driftskostnader

Stikkordet «kan benyttes under»

- kap. 1411 post 21, «kan nyttes under post 70»
- kap. 1411 post 70, «kan nyttes under post 21»

Kap. 1411, postene 21 og 70 ses i sammenheng, slik at grunnlag for overføring og maks. overførbart beløp ses i sammenheng. Dermed vil restbeløp på de respektive postene kunne overføres til 2025.

Tildelinger på andre kapitler enn etatens egne:

Artsdatabanken har mottatt tildelinger på kap 1410 post 21.

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Artsdatabanken har fullmakt til å overskride bevilgningene på driftskapitlene mot tilsvarende merinntekter.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2024

	31.12.2024	31.12.2023
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Andre innbetalinger	3 350	0
Sum innbetalinger fra drift	3 350	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Utbetalinger til lønn	28 746 698	29 885 113
Andre utbetalinger til drift	34 211 068	35 120 359
Sum utbetalinger til drift	62 957 766	65 005 472
Netto rapporterte driftsutgifter	62 954 416	65 005 472
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Sum investerings- og finansinntekter	0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Utbetaling til investeringer	1 678 520	438 864
Utbetaling av finansutgifter	1 359	4 552
Sum investerings- og finansutgifter	1 679 879	443 416
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	1 679 879	443 416
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		
Utbetalinger av tilskudd og stønader	24 101 344	27 920 000
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	24 101 344	27 920 000
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	52 309	51 640
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	3 574 492	3 748 992
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	5 546 605	5 016 106
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler	1 919 804	1 215 474
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet	90 655 443	94 584 362
Oversikt over mellomværende med statskassen		
Eiendeler og gjeld	31.12.2024	31.12.2023
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-1 139 932	-1 415 627
Skyldige offentlige avgifter	-10 222	-16 986
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse*	-1 050 214	-1 029 203
Sum mellomværende med statskassen	-2 200 368	-2 461 816

*Pensjonstrekket i de ansattes lønn (2 %) på konto 263 inngår også på denne linjen.

Resultatregnskap

	Note	31.12.2024
Driftsinntekter		
Inntekt fra bevilgninger	1	66 559 017
Andre driftsinntekter	1	3 350
<i>Sum driftsinntekter</i>		66 562 367
Driftskostnader		
Lønnskostnader	2	27 859 798
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3,4	4 767 286
Andre driftskostnader	5	33 933 924
<i>Sum driftskostnader</i>		66 561 008
Driftsresultat		1 359
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	6	0
Finanskostnader	6	1 359
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-1 359
Resultat av periodens aktiviteter		0
Avregninger og disponeringer		
<i>Sum avregninger og disponeringer</i>		0
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		
Tilskudd til andre	8	24 101 344
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning		24 101 344
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0

Balanse

	Note	31.12.2024	01.01.2024
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	3	16 459 614	17 575 752
Immaterielle eiendeler under utførelse	3	3 386 490	3 029 006
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		<i>19 846 104</i>	<i>20 604 758</i>
II Varige driftsmidler			
